

MØTEINNKALLING

Utval: Kontrollutvalet i Aurland kommune
Møtedato: Onsdag 16. november 2016 kl 09:00
Møtestad: Møterom 216

SAKLISTE

17/2016 Godkjenning av møteprotokoll 21.09.2016
18/2016 Drøftingsaker, skriv og meldingar
19/2016 Møteplan 2017

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Maren Lien, tlf: 95 27 03 02 eller e-post maren.lien@pwc.com

Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Aurland, 09.11.2016

Olav Ellingsen
Leiar (sign)

Maren S. Lien
Sekretariat

Kopi:
Ordførar
Rådmann
Oppdragsansvarlig revisor

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 17/2016 Godkjenning av møteprotokoll

Sakshandsamar Maren Lien	Møtedato 16.11.2016	Saknr 17/2016
------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokoll frå møte 21.09.2016 vert godkjent

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	21.09.2016	Sekretariatet for kontrollutvalet	Møteprotokoll frå møtet 21.09.2016

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Møtebok

Møtedato: 21.09.2016

Møtetid: Kl. 09:00-12:00

Møtestad: Rådhuset, 216

Saknr.: 13/16 – 16/16

Følgjande medlem møtte	Parti
Olav Ellingsen, kontrollutvalsleiar	Sp
Gøril Tveiten Lie, nestleiar	Miljøpartiet dei grøne

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Jonas Ure Hylland	H	Kjell Nordgulen	H

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte

Møteleiar:	Olav Ellingsen
Frå sekretariatet møtte:	Maren Lien, PwC
Frå administrasjonen møtte:	Rådmann Frank Westad
Frå revisjonen møtte:	Kari Hesjedal, KPMG (på telefon)
Andre som møtte:	
Dokument utlevert i møtet:	
Synfaring:	
Merknader:	

Underskrifter:

SAKLISTE

Sak nr.	Sakstittel	Ope/lukka
13/2016	Godkjenning av møteprotokoll 15.06.2016	O
14/2016	Drøftingsaker, skriv og meldingar	O
15/2016	Framlegg til budsjett for kontrollutvalet 2017	O
16/2016	Forvaltningsrevisjon 2016	O

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 13/2016 Godkjenning av møteprotokoll

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Maren Lien	21.09.2016	13/2016

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møte 15.06.2016 vert godkjent.

21.09.2016 KONTROLLUTVALET

KON-13/16 VEDTAK

Møteprotokoll frå møte 15.06.2016 vert godkjent.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 14/2016 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Maren Lien	Møtedato 21.09.2016	Saknr 14/2016
------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Refererte skriv og meldingar:

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsender	Tittel
1	14.06.2016	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Oversikt over tilsyn og forvaltningskontroll i andre halvår 2016
2	09.06.2016	Kommunestyret i Aurland	KS-066/16 Gjennomgang av pleie og omsorg- oppfølging

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

21.09.2016 KONTROLLUTVALET

Orienteringar i møtet:

- Vikarierende rådmann Frank Westad møtte i kontrollutvalet.

KON-14/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet tek orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 15/2016 Framlegg til budsjett for kontrollutvalet 2017

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Maren Lien	21.09.2016	15/2016

Framlegg til vedtak:

Sekretariatet gir følgjande framlegg om budsjett 2017 for kontrollutvalet i Aurland kommune:

Område	2017
Kontrollutvalet	61 900
Sekretariatet	153 500
Finansiell revisjon	200 000
Kjøp av forvaltningsrevisjon	200 000
Kjøp av selskapskontroll	60 000
TOTALT	675 400

Budsjettet vert å sende administrasjonen for innarbeiding i kommunen sitt budsjett.

21.09.2016 KONTROLLUTVALET

KON-15/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet fremjar følgjande framlegg om budsjett 2017 for kontrollutvalet i Aurland kommune:

Område	2017
Kontrollutvalet	61 900
Sekretariatet	153 500
Finansiell revisjon	200 000
Kjøp av forvaltningsrevisjon	200 000
Kjøp av selskapskontroll	60 000
TOTALT	675 400

Budsjettet vert å sende administrasjonen for innarbeiding i kommunen sitt budsjett.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 16/2016 Forvaltningsrevisjon 2016

Sakshandsamar Maren Lien	Møtedato 21.09.2016	Saknr 16/2016
------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding men for drøfting i kontrollutvalet.

21.09.2016 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet drøfta i møtet aktuelle problemstillingar for forvaltningsrevisjon på området *kompetanse, sakshandsaming og fristar*, i lag med revisor.

KON-16/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek å følge plan for forvaltningsrevisjon slik den vart vedteke i kommunestyret 8. september 2016, sak 073/16.

Kontrollutvalet vel med det *kompetanse, sakshandsaming og fristar* som tema for forvaltningsrevisjon i 2016. Det er sett av 170.000 kr i budsjettet til slik revisjon i 2016.

Kontrollutvalet vel å nytta KPMG som forvaltningsrevisor ihht. rammeavtale. KPMG skal utarbeide prosjektplan på bakgrunn av drøftinga i kontrollutvalet innan to veker.

Leiar i kontrollutvalet får fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.

Samrøystes.

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 18/2016 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Maren Lien	Møtedato 16.11.2016	Saknr 18/2016
------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet tek orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

SAK/VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1-3	24.10.2016	Rådmannen	Tertialrapport 2. tertial 2016. Status framdriftsplan investeringar.
2	20.10.2016	Assisterande rådmann	Kontrollutvalet som muleg varslingsinstans. Aurland kommune systemhandbok HMS, kapittel 12 Varsling om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen

Orienteringar:

1. Rådmannen orienterer om tertialrapport 2. tertial 2016 og status i investeringsplanane.
2. Orientering om framdrift i forvaltingsrevisjon ved KPMG.
3. Sekretariatet orienterer om status i arbeidet med nytt sekretariat for kontrollutvalet etter at avtalen med PwC går ut 28. februar 2017.

Drøftingssaker

- Innspel frå kontrollutvalet til årsmelding for 2016



AURLAND KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
055/16	Formannskapet	06.10.2016
094/16	Kommunestyret	20.10.2016

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
16/445 - 16/7729	K1 - 210	Reidar Johnsen 57 63 29 40	29.09.2016

Tertialrapport 2. tertial 2016

Kort samandrag

Det er laga ein prognose ut i frå stoda pr 31.8.2016 og inntekter og kostnader som vil kome resten av året både for tenesteeiningane og på overordna nivå. Ut frå prognosen ligg driftsresultatet an til å bli ca 2,9 millionar høgare enn budsjettert. To av einingane, barnevern og helse, ligg an til eit overforbruk på ca 900.000 for barnevern og 1,3 millionar på helse. Det vert vist til forklaringar. Dei andre einingane ligg stort sett i tråd med budsjett eller ligg an til innsparing. Det ligg inne 3 millionar til lønsregulering. Dette er ikkje fordelt enno og er difor ikkje teke med i prognosen, det vil bli fordelt når heile lønsoppgeret er klart.

Overordna inntekter ligg an til ein pluss på 3,6 millionar. Grunnane til dette er god skatteinngang og auka finansinntekter.

På investeringsbudsjettet er det pr 30.9 brukt ca 21,8 millionar mot eit samla årsbudsjett på ca 90 mill. Årsaka til det store avviket skuldast i stor grad oppbygginga etter flaumen. Me viser her til eiga rapportering om investeringane.

Rådmannen si tilråding:

Tertialrapporten blir teken til etterretning. Det blir gjort følgjande budsjettreguleringar som følgje av rapporten:

Drift:

Helse- og førebyggjande	Auke kostnader	1.300.000
Barnevern	Auke kostnader	900.000
Barnehagar	Reduserte kostnader -	300.000
Sentraladministrasjon	Auke kostnader	300.000
Skatteinntekter	Auke inntekter	-1.500.000
Eigedomsskatt	Auke inntekter	- 400.000
Rentekostnader	Reduserte kostnader -	300.000
Sum		0

Investeringar:

Tilrettelegging bustadfelt Flåm	Auke kostnader	325.000
Oppgradering kontor rådhuset	Auke kostnader	200.000
Rassikring Nedre Brekke	Reduserte kostnader	-525.000
Sum		0

06.10.2016 Formannskapet**FS-055/16 Vedtak:**

Tertialrapporten blir teken til etterretning. Det blir gjort følgjande budsjettreguleringar som følgje av rapporten:

Drift:

Helse- og førebyggjande	Auke kostnader	1.300.000
Barnevern	Auke kostnader	900.000
Barnehagar	Reduserte kostnader -	300.000
Sentraladministrasjon	Auke kostnader	300.000

Skatteinntekter	Auke inntekter	-1.500.000
Eigedomsskatt	Auke inntekter	- 400.000
Rentekostnader	Reduserte kostnader	- 300.000

Sum 0

Investeringar:

Tilrettelegging bustadfelt Flåm	Auke kostnader	325.000
Oppgradering kontor rådhuset	Auke kostnader	200.000
Rassikring Nedre Brekke	Reduserte kostnader	-525.000

Sum 0

Samrøystes

20.10.2016 Kommunestyret

Røysting

Framlegg frå FS 6.10.2016: Samrøystes

KS-094/16 Vedtak:

Tertialrapporten blir teken til etterretning. Det blir gjort følgjande budsjettreguleringar som følgje av rapporten:

Drift:

Helse- og førebyggjande	Auke kostnader	1.300.000
Barnevern	Auke kostnader	900.000
Barnehagar	Reduserte kostnader -	300.000
Sentraladministrasjon	Auke kostnader	300.000
Skatteinntekter	Auke inntekter	-1.500.000
Eigedomsskatt	Auke inntekter	- 400.000
Rentekostnader	Reduserte kostnader -	300.000
Sum		0

Investeringar:

Tilrettelegging bustadfelt Flåm	Auke kostnader	325.000
---------------------------------	----------------	---------

Oppgradering kontor rådhuset	Auke kostnader	200.000
Rassikring Nedre Brekke	Reduserte kostnader	-525.000
Sum		0
Samrøystes		

Vedlegg:

Driftsoversikt pr 2. tertial

Rekneskap pr prosjekt 2. tertial 2016

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

Saksopplysningar

Samla viser prognosen eit meirforbruk på drift på kr 655.000. Overordna inntekter viser ein pluss på 3,560 millionar slik at samla resultat ligg an til ein pluss på kr 2,905 millionar samanlikna med budsjett.

Overordna kommentarar til driftsprognosen

Skatteinntekter

Skatteinngangen så langt har vore god samanlikna med fjoråret og budsjett. Ved utgangen av august var auken på 7,8 % samanlikna med tilsvarande tidspunkt i fjor. Dersom den auken held fram resten av året, vil auken bli ca 5,6 millionar. Me har vald å legge oss på KS sine prognosar som viser ein auke på kr 1.54 millionar i framskrivinga.

Rammetilskot

Rammetilskotet er budsjettert med 39,3 millionar og ut frå KS sin prognose vil den ende på 39,36 millionar.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt kjem ut med ein pluss på kr 400.000. Dette skuldast hovudsakleg eit nytt objekt i 2016 (Holmen Kraft AS).

Konsesjonsavgift

Budsjettert med 15,3 millionar som stemmer med det me får på slutten av året. Konsesjonsavgifta blir avsett til konsesjonsavgiftsfondet. Avgifta blir indeksregulert kvart 5. år – neste gong i 2017.

Andre statlege overføringar

Dette er i hovudsak tilskot frå Husbanken som gjeld rentekompensasjon på tidlegare investeringar innan pleie og omsorg og skule. Tilskotet er renteavhengig.

Renteinntekter

På grunn av låg rentesats gjennom året er renteinntekta redusert med kr 500.000 samanlikna med budsjett. Likviditeten har vore god gjennom heile 2016 som følgje av utbetaling i 2015 frå Staten som ikkje er brukt i samband med flaumen 2014.

Utbyte

Me har fått utbetalt utbyte frå Aurland Ressursutvikling på kr 4 mill. og utbyte frå Aurland Energiverk på kr 1,5 mill. Totalt kr 5,5 mill som er 1,6 mill. høgare enn budsjettert.

Renteutgifter lån

På grunn av låg rentesats og mange lån med «flytande» rente vil renteutgiftene på

eksterne lån vere ca 900.000 lågare enn budsjettert.

Avdrag på lån

Det er betalt avdrag med kr 420.000 meir enn budsjettert.

Overordna kommentarar til driftseiningane

Politisk leing

Kostnaden til politisk leing er om lag i tråd med budsjett.

Sentraladministrasjon

Det var ikkje budsjettert med to rådmannsløner frå august til desember. Kommunestyret vedtok å tilsetje rådmann i vikarperioden utan spesifikk finansiering. Frå 1.9. vil skulefagleg ansvarleg vere 100 % løna på ansvar 110 (sentraladministrasjon). 40 % av denne kostnaden er budsjettert i barnehagen og blir tilrådd flytta som budsjettregulering. Mykje av kostnadane på plansak vil bli flytta frå drift til investeringsprosjekt eller dekkja av konsesjonsavgiftsfondet. Det vil vere ein reduksjon i lønskostnader siste to månadane som følgje av oppseiing som ikkje blir erstatta.

Kultur

Økonomi er i tråd med budsjett. Det er gjort nokre interne omfordelingar som er innafor budsjettamma.

Det har vore god gjennomført turistsesong i heradshuset. Det har vore gjort innkjøp av instrument for øvingslokalet med støtte frå Musikkutstysordninga. Det har vore gjestegalleriopning med utstilling av kunstnaren Manuel Portioli. Bra elevmasse i musikk- og kulturskulen.

Aurland barne- og ungdomsskule

Eininga er stort sett i rute økonomisk sett. Det har framleis vore stort behov for vikarar som følgje av mellom anna politiske verv og sjukdom. 1. august var ny tenesteleiar (Ingrid Steine Bortne) på plass. Tidlegare tenesteleiar har vore innleigd i

nokre dagar i overgangsfasen.

Kommunale barnehagar

Frå 1. august vart Vangen Barnehage og Flåm Barnehage splitta i to ansvarsområde med 2 tenesteleiarar. Tenesteleiar for Vangen er Elisabeth Øynebråten og for Flåm er det Marianne Christensen. I tertialrapporten er barnehagane kommentert samla i og med at det var sånn det var budsjettert.

Prognosen viser at barnehagane ligg godt an i høve budsjett. Hovudårsaken til dette er at det var budsjettert med ein ny avdeling på Vangen samt ein ny pedagog. Den nye avdelinga vart ikkje starta før 15. august og difor har det vorte ei innsparing.

Administrativ ressurs (skulefagleg ansvarleg) er overført til ansvar 110 frå 1. september og vil bli løna på ansvar 110. 40 % av løna er budsjettert på barnehagane heile året og vil bli tilrådd flytta til ansvar 110 frå 1.9.

Flåm skule

Flåm skule vil kome ut om lag som budsjettert i følgje prognosen. Skulen har lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget denne hausten. Det er investert mykje midlar i pedagogisk programvare til elevane. Slik programvare har høvesvis høge lisensar for små skular og ville vorte rimelegare viss ein såg begge skulane samla.

Helse og førebyggjande

Eininga ligg an til eit samla overforbruk på rundt 1,3 millionar. Heile overskriddinga er knytt til legekantoret og lokalmedisinsk senter. I 2016 har legekantoret gått frå to faste legar og turnuslege til tre faste legar og turnuslege. Det ser ikkje ut til at ein oppnår dei budsjetterte inntektene på brukarbetalingar og refusjonar frå Helfo. Utgiftene ttil lønn har auka monaleg i løpet av året.

Tilsynslegefunksjon og fagansvar for dei kommunale akutte døgnseingene ved Sogn Lokalmedisinske senter kom først i gang i september noko som er fleire månader etter planen. Konsekvensen av dette er tapte inntekter i fleire måndaer.

Som følgje av den nye akuttmedisinforskrifta og usemje nasjonalt kring fortolkinga, har det også vorte store uføresette utgifter til bakvakt og opplæring i samband med legevakt.

Det er på noverande tidspunkt ingen opplysningar som tilseier endring i prognosar for Lokalmedisinsk senter.

Det er kome til nye utgifter som pensjon for legane i legevakt som følgje av ny tariffavtale mellom KS og legeforeninga, samtidig som leigeavtalen innan bygg og personale med Helse Førde er under reforhandling.

NAV Aurland

Eininga ligg an til ei innsparing på rundt kr 180.000. Dette skuldast budsjetterte kostnader til kvalifiseringsprogrammet på kr 130.000 ikkje har blitt brukt samt noko lågare sosialhjelpskostnader enn budsjettert.

Barnevern

Det ligg an til ei overskriding på rundt kr 900.000. Dette skuldast at det har oppstått tiltak i perioden som ikkje var budsjettert. I tillegg har eit tiltak som var budsjettert eit halvt år blitt forlenga til heile året.

Det har også vorte større lønskostnader til løn til fosterheim enn det som var lagt inn i budsjettet.

Pleie og omsorg

Pleie og omsorg er eit vanskeleg område å prognosere på grunn av mykje variable kostnader og mange tunge prosjekt. Eininga har gjennom året fått tilført nye tiltak frå NAV og barnevern med tilhøyrande budsjett, men det er vanskeleg å vite konkret kva desse tiltaka vil koste.

Det er også usikkert korleis vikarbruken vil slå ut resten av året.

Prognosen viser at ein ser ut til å kome litt under budsjett, men prognosen er usikker.

Teknisk

Teknisk eining er usikkert med tanke på prognose. Dette skuldast mellom anna arbeidet etter flaumen i Flåm der ein del lønskostnader skal overførast til dette prosjektet. Ut frå prognose på løn og andre kostnader ser ein ut til å halde seg innafor budsjett og det er difor lagt inn ein prognose som samsvarer med budsjett.

Inntektene på vatn og kloakk er noko mindre enn budsjett, men differansen her vil dekkast av fond på dette området.

Investeringar

Me viser til jamnlege rapportar i kommunestyret gjennom året. Vedlagt følgjer ein oversikt over stoda pr utgangen av september. Det blir tilrådd nokre flyttingar av midlar mellom prosjekt i samband med tertialrapporteringa. Fullstendig gjennomgang av investeringsbudsjett og bruken av skjønsmidlar etter flaumen vil kome som ei eiga sak i samband med kommunestyremøtet 24. november. Då vil ein få ei tilråding over kva prosjekt inklusive flaummidlar som skal vidareførast i 2017.

Følgjande reguleringar i investeringsbudsjett blir tilrådd i samband med tertialrapporten:

55011	Tilrettelegging bustadfelt Fretheimshaugane	Tillegg	kr
325.000			

Utarbeiding av anbudsgrunnlag for opparbeiding

65033	Oppgradering kontor rådhuset	Tillegg	kr
200.000			

Slutføring av bestilt inventar

Økonomiske konsekvensar

Vurdering

DRIFTSOVERSIKT

	Vedteke budsjett 2016	Prognose	Avvik
Skatt på inntekt og formue	74 400 000	75 940 000	1 540 000
Rammetilskot	39 300 000	39 360 000	60 000
Eigedomsskatt	54 600 000	55 000 000	400 000
Konsesjonsavgift	15 300 000	15 300 000	-
Andre statlege overføringar	1 200 000	1 200 000	-
SUM FRIE INNTEKTER	184 800 000	186 800 000	2 000 000
Renteinntekter	1 500 000	1 000 000	-500 000
Utbyte	3 900 000	5 500 000	1 600 000
Renteutgifter lån	-3 000 000	-2 120 000	880 000
Netto renteutgifter/-inntekter	2 400 000	4 380 000	1 980 000
Mottekne avdrag på lån	1 000 000	1 000 000	-
Avdragsutgifter lån	-5 000 000	-5 420 000	-420 000
Netto avdragsutgifter	-4 000 000	-4 420 000	-420 000
NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER	-1 600 000	-40 000	1 560 000
TIL FORDELING	183 200 000	186 760 000	3 560 000
Til driftsrammer:			
Politisk leiling	3 036 000	3 000 000	-36 000
Sentraladministrasjon	10 984 000	11 075 000	91 000
Kultur	5 630 000	5 550 000	-80 000
Aurland barne og ungdomsskule	19 483 000	19 550 000	67 000
Kommunale barnehagar	8 864 000	8 140 000	-724 000
Flåm skule	6 593 000	6 660 000	67 000
Helse og førebyggjande	9 567 289	10 850 000	1 282 711
NAV Aurland	2 406 588	2 225 000	-181 588
Barnevern	1 802 000	3 000 000	1 198 000
Pleie og omsorg	59 245 123	58 540 000	-705 123
Teknisk	25 310 000	25 310 000	-
Nøytrale inntekter / utgifter	27 724 000	27 700 000	-24 000
Sal av konsesjonskraft	-4 000 000	-4 000 000	-
Lønsoppgjjer (blir fordelt)	3 000 000	3 000 000	-
Sum driftseiningane	179 645 000	180 600 000	955 000
Netto driftsresultat	3 555 000	6 160 000	2 605 000
Disposisjonar:			
Netto avsetningar til disposisjonsfond	-3 395 000	-3 395 000	-
Overføring til investering (driftsoverskot)	-160 000	-160 000	-
Netto disposisjoner	-3 555 000	-3 555 000	-
Balanse (overskot)	-	2 605 000	2 605 000

Status framdrift investeringar 2016 pr 01.10. 2016:

Tiltak	Revidert Budsjett 2016
Opparbeiding Furuly - Lunde	2 000 000
<p>Prosjekt ikkje starta opp enno. Prosjektavklaring oversendt OOK for gjennomgang/stadfesting av innhald og oppfang i prosjektet. Prosjektet er no klart for utarbeiding av teikningsgrunnlag/anbudsgrunnlag. Arkitekt jobbar med utarbeiding av teikningsgrunnlag. Søknad om tilskot sendt til Husbanken.. Kalla inn til møte med brukargrupper for stadfesting av arealbruk . Førebur grunnlag for utlysing av totalentreprise og søknad om byggeløyve.</p> <p>Framdrift: etter opprinneleg framdriftsplan, men forsinkelse vert teke inn i løpet av hausten.</p> <p>Avventar godkjenning av prosjekt i Husbanken. Etter godkjenning vert det utarbeidd anbudsdokument.</p>	
Oppgradering brannanlegg Helsetunet (ringesystem)	500 000
<p>Henta inn kostnadsoverslag. – Prisantydning synar at arbeidet må lysast ut på anbod. – Lysast ut ca. 01. februar 2016. Oppdrag på vent til nye ressursar er på plass. Framdrift: 14 dagar på etterskot- ikkje kritisk Lyst ut anbod. Gjennomført anbodsynfaring. Anbod inn 12 april 2016 Anbod innlevert og val av leverandør avklart.</p> <p>Signert kontrakt med Relacom. Utstyr bestilt og montasjestart er satt til ca. 01. september.</p> <p>Framdrift: etter opprinneleg framdriftsplan, men forsinkelse vert teke inn i løpet av hausten.</p> <p>90 % av arbeidet er utført.</p>	
Skjerdalsvegen 28	6 000 000
<p>Inngått avtale med Norconsult/ Erling Haugen AS om utarbeiding av ein moglegheitsstudie som vil avklare framtidig utbygging/arealbehov for ein samla helseteneste i dette kvartalet. Moglegheitsstudien vert lagt fram for kommunestyret Gjennomført synfaring ,med ark. Erling Haugen AS. Haugen deltok på møte i OOK og redegjorde for moglegheiter i kvartalet. Erling Haugen S og Norconsult utarbeider moglegheitsstudie. Slutføring av moglegheitsstudie pågår Framdrift: I rute Ingen endring</p>	
Ny barnehage	300 000
<p>Anbod lyst ut og avklart . Arbeidet vert utført av Asplanviak og skal vere ferdig til 01. juni 2016. Oppdrag tildelt Asplanviak. Oppstartmøte 24.februar med varsemda. Sak til kommunestyremøte i juni 2016.</p>	

<p>Framdrift forsinka som følge av avklaring av alternativer for endeleg plassering</p> <p>Ingen endring.</p>	
<p>Symjehall</p> <p>Held på med avklaring av tidlegare kontraktstillhøve. – Førebur revisjon av Kostnadskalkyle for rehabilitering av symjehall med/utan terapibasseng. Arkitektkontoret 4B er bedt om å gje pris på revisjon av kalkyle/løysing innan 10 mars.</p> <p>Motteke tilbod frå Arkitektkontoret 4B. Oppstartsmøte med Arkitektkontoret 4 B 04. april 2016</p> <p>Reviderte kalkyler-teikningar ligg føre. PDEU har bedt om vurdering på utving av bassen til 6 baner.</p> <p>PDEU handsamer saka i møte 29.08.2016</p> <p>Framdrift: Sak vert lagt fram til kommunestyre 8 sept.</p> <p>Sak til kommunestyret 20 okt.</p>	<p>2 350 000</p>
<p>Turveg Heggviki – Bøen</p> <p>Gjennomført avklaringsmøter med Statens vegvesen. Held på med utarbeiding av detaljplanlegging av linjeføring og løysingar for brukonstruksjonar. Plan lagt ut til off. ettersyn – frist til 27 mai for tilbakemeldinger.</p> <p>Reguleringsplan vedteke. Norconsult har utarbeidd kostnadsoverslag for bygging av turveg. Kalkyle er utarbeidd av Norconsult. Prosjekt må innarbeidast i økonomiplan.</p> <p>Framdrift: I rute</p> <p>Førebur oppstart av grunnnerv</p>	<p>500 000</p>
<p>Opparbeiding Ty</p> <p>Førebur slutføring av ny utlegging av reguleringsplan, samt innhenting av tilbod på prosjektering av infrastruktur og anbodsgrunnlag for opparbeiding av tekniske anlegg. I samband med dette må det avklarast korleis opparbeidinga skal organiserast.</p> <p>Utarbeidd tilbodsgrunnlag for prosjektering. – Vert sendt ut når regplan er avklart.</p> <p>Reguleringsplan uavklart.</p> <p>Reg.plan lagt ut til off. ettersyn.</p> <p>Framdrift: Endeleg avklaring om tilkomst må vere på plass før reguleringsplan vert godkjend. Norconsult har utarbeidd kalkyle for utbygging av feltet</p> <p>Førebur innhenting av anbod på opparbeiding av VA struktur</p>	<p>3 000 000</p>
<p>Rassikring Nedre Brekke</p> <p>Planarbeid ikkje starta opp. Førebur innhenting av anbod på to løysingar for sikring.</p> <p>Alt A. Sikringsvoll med bruk av naturstein</p> <p>Alt B. Sikringsvoll med bruk av stålsput</p> <p>Arbeid med førebuing av søknad om rammeløyve under utarbeiding.</p> <p>Synfaring av området med NGI i samband med planlagt sikringsvoll for område gamle idrettsplassen i Flåm i april 2016.</p> <p>Søknad om byggeløyve under førebuing</p> <p>Framdrift: etter opprinneleg framdriftsplan, men forsinkelse vert teke inn i løpet av hausten.</p>	<p>4 500 000</p>

Val av metode for sikring under drøfting med NGI	
Ytstebøen bustadfelt	850 000
<p>Sikringsarbeid av bustadtomt føregår i regi av Aurland Energibbygg. Planlegg innhenting av anbod på sikring av støttemur i naturstein på to andre tomter. Siste del av sikringsarbeid i kontrakt med AEB under oppstart (sikring av steinrøys bak bustadhus til Ytstebøen 19. Øvrig planarbeid utsatt til meir ressurser er på plass.</p> <p>Kontakta Grunnteknikk med sikte på utarbeiding av anbodsdokument for sikring av Natursteinsmur langs Ytstebøen 9. Evt. gjennomføring av tiltak i 2016 krev budsjettendring.</p> <p>Sikringsarbeid pågår med redusert framdrift.</p> <p>Framdrift: etter opprinneleg framdriftsplan, men forsinkelse vert teke inn i løpet av hausten.</p> <p>Slutføring av sikringsarbeid pågår.</p>	
Utskifting gatelys	1 200 000
<p>Inngått 4- års kontrakt med MESTA. Oppstart med utskifting tek til etter påske. Satt opp 5 stk demo LED belysing lang fylkesveg etter avkøyring til Ytstebøen bustadfelt. Leveringstrid på materiell ca 2 mnd.</p> <p>Avhelde oppstartsmøte med Mesta og Aurland Energiverk.(AEV) Planlegg samordning av gjeremål for MESTA og AEV og førebur etablering av nye målepunkt for uttakt av straum til gatelys, jf krav frå NVE om slike målepunkt.</p> <p>Oppstart av utskifting av lampepkt for 2016 under førebuing</p> <p>Framdrift: Oppstart utskifting 23 august.. Etter opprinneleg framdriftsplan, men forsinkelse vert teke inn i løpet av hausten.</p> <p>Planlagt utskifting av lamper i 2016. utført. Motteke tilsagn om kr 285 000 i tilskot frå Enova. Ledige midlar vert nytta til å skifte fleire pkt, dersom leverandør kan levere fleire lamper i 2016.</p>	
Garderobeanlegg rutebilstasjon	800 000
<p>Planarbeid føregår</p> <p>Ingen endring</p> <p>Framdrift: Etter opprinneleg framdriftsplan, men forsinkelse vert teke inn i løpet av hausten.</p> <p>Teikningar utarbeidd.</p>	
Skifte av køyretøy/maskiner	300 000
<p>Varebil i KDE vert kjøp ut ca 01. februar når leasingavtale opphører..</p> <p>Faktura betalt-prosjekt avslutta.</p> <p>Avlutta</p>	
Tilrettelegging næringsareal	500 000
<p>Næringsssjefen har utarbeidd notat til formannskapet om framtidig prioritering/bruk av dei ulike næringsareala som er innarbeidd i gjeldande reguleringsplan.</p> <p>Eiga sak til formannskap/næringsutval utsendt</p> <p>Arealbruk er avklart</p> <p>Framdrift: I rute</p> <p>Ingen endring</p>	

IKT – investeringar	800 000
Posten i rute i høve til planlagte innkjøp. Ingen endringar Framdrift: I rute Ingen endring	
Eigenkapitalinnskot KLP	350 000
Posten i rute i høve til planlagt bruk Ingen endringar Framdrift: I rute Ingen endring	
Oppgradering av tursti Brekkefossen	1 600 000
Sendt søknad til fylkeskommunen. Avtale med grunneigarane truleg signert i veke 4 Avtale med grunneigarane signert. – Avventer handsaming av søknad Framdrift: Fellesmøte med Nærøyfjorden Verdsarvpark, grunneigarar og Verneområdeforvalter om oppstart av prosjektet 07.april 2016. Anbudsynfaring del 1 gjennomført 21 mai. Anbudsfrist 06. juni 2016 Anbud tildelt Voss hage og anlegg. Del 1 (nederste del i ferd med å verte avslutta. – Del 2 under førebuing for utlegging på Doffin. Ingen endring	
Returpkt. renovasjon Gudvangen	300 000
Avklart utforming med Simas. Materieell satt i bestilling hjå SIMAS. Plassering vert innarbeid i reguleringsplanar med målsetting om anlegga vert teke i drift innan 01. juni 2016. Ingen endringar Lokalisering av anlegg pågår. Anleggsstart avhengig av godkjenning av plassering. Materieell er levert frå Simas. Førbur montasjestart ca 01. okt. Anlegget må sikrast mot oppdrift. Framdrift: etter opprinneleg framdriftsplan, men forsinkelse vert teke inn i løpet av hausten. Plassering av anlegg under avklaring	
Heving av Flåm kyrkje	4 000 000
Anbud avklart og tildelt Jordalen Entreprenør. Oppstart ca 01 februar. Ferdigstillelse i løpet av mai 2016. Gjennomført kontraktforhandling og oppstartmøte. Heving av kyrkja iverksett. Framdrift: ca 1 veke etterslep Heving av kyrkebygg er utført. Forsinkelser i framdrift grunna tele i grunn under ringmur i mars månad. Remontering av golv og el. El.anlegg pågår. Målingsarbeid og etablering av nytt inngangsparti under førebuing. Plan for ny tilkomst til kyrka avklart. Mesteparten av arbeidet slutført. Arbeidet er ferdig og kyrkja er tek i bruk	
Engasjement prosjektleiing investeringar 2016	1 000 000
Stillinga er lyst ut med frist 15.02.2016 Intervjuerunde pågår Stilling utlyst og besatt. Ny medarbeider på plass 18 april. Førebur utlysing av prosjektmedarbeider for å styrke adm. frå mai 2016 Ingen tilsetting etter siste utlysing. Uendra	

<p>Ny bru Haugen</p> <p>Plassering innarbeid i reguleringsplanframlegg som vert handsama i PUT i veke 4. Under føresetnad av at planutkast vert sendt ut på høying kan det gjevast rammeløyve i løpet av februar for bygging av bru. Førebur enkelt forprosjekt for val av entrepriseform og utforming.</p> <p>Reg.plan lagt ut på høying. Inngått avtale med Norconsult om utarbeiding av søknad om rammeløyve for ny bru</p> <p>Framdrift: I rute</p> <p>Norconsult har utarbeidd skisser for bruer. Oppmåling/kartlegging av terreng gjennomført 30.03.2016 (Drone)</p> <p>Søknad om rammeløyve under arbeid. Førebur anbudsgrunnlag og møte med grunneigarane.</p> <p>Gjennomført drøftingsmøte med grunneigarane. – Norconsult førebur søknad om byggeløyve for ny bru.</p> <p>Bruplassering er justert. Avklart tilhøve til grunneigarane. Norconsult held på med utforming av byggsøknad og anbudsgrunnlag for totalentreprise. Forventa byggestart 01. februar 2017, med ferdigstillelse ca 01.07 2017.</p>	<p>4 000 000</p>
<p>Ny bru Flåm skule</p> <p>Plassering innarbeid i reguleringsplanframlegg som vert handsama i PUT i veke 4. Under føresetnad av at planutkast vert sendt ut på høying kan det gjevast rammeløyve i løpet av februar for bygging av bru. Førebur enkelt forprosjekt for val av entrepriseform og</p> <p>Reg.plan lagt ut på høying. Inngått avtale med Norconsult om utarbeiding av søknad om rammeløyve for ny bru</p> <p>Framdrift: I rute</p> <p>Norconsult har utarbeidd skisser for bruer. Oppmåling/kartlegging av terreng gjennomført 30.03.2016 (Drone)</p> <p>Grunneigar har bedt om at vedtak i reg.plan får oppsettande vedtak. Det vert arbeidd med å finne løysing for justering av bruplassering i håp om å unngå ny handsaming av plan.</p> <p>Vedtak om å oppretthalde plassering av ny bru inneber at prosjektet vert liggande på vent inntil klageprosess er avklart. Framdrift vert forsinka</p> <p>Avventer klagehandsaming hjå fylkesmannen. Norconsult førebur anbod på totalentreprise.</p>	<p>12 000 000</p>
<p>Vatn og avløp Brekkefossen - Flåm bru</p> <p>Under arbeid. Arbeid planlagt ferdig ca 15 mai 2016.</p> <p>Ingen endring</p> <p>Framdrift: I rute</p> <p>Samordning av sikringsarbeid mot Flåmselvi pågår i regi av NVE/Aurland kommune</p> <p>Justering av veglinje/kabelarbeid pågår mellom Brekkefossen og Brekkehagane. Oppstart ved VA på strekninga Flåm kyrkje – Flåm skule ca 15 juni.</p> <p>Framdrift forsinka med ca 2 mnd.</p> <p>Arbeid med utlegging av bæreleg/grusdekke på Brekkevegen pågår, samt vidarføring av VA anlegg mellom Flåm skule – Flåm kyrkje. Forventa samankopling av VA anlegga ca 15 sept.</p> <p>Arbeid med utarbeiding av grunneigarar om etablering av gang og sykkelveg på strekninga pågår.</p> <p>VA anlegg skal vere ferdig til 20 oktober.</p>	<p>6 000 000</p>

<p>Utbetring kommunale vegar</p> <p>Prosjektert ny veglinje på Flåmsdalsvegen mellom Flåm kyrkje og Leina. Oppstart av vegarbeid i løpet av februar 2016. Oppstart er avhengig av framdriftsplan for NVE. – Vert teke opp i byggemøte 23.02.2016. Vegtrase frå Flåm kyrkje og framover mot Leina er grovplanert av NVE.</p> <p>Anbod på asfaltering og rekkverk sendt ut.</p> <p>Framdrift: Asfaltering vert utført i løpet av august/sept., avhengig av slutføring av NVE sine arbeider.</p> <p>Semje med grunneigar om avståing av veggrunn og areal til parkingsanlegg, samt plassering av anlegg for renovasjon.</p> <p>Omfattande drøftingar med grunneigar og NVE om plassering av endeleg vegtrase, som følgje av at sikringsarbeid i Flåmselvi blei gjennomført før sikringsplan blei vedteke.</p> <p>Avtaleutkast for Flåmsdalsvegen og parkeringsareal ved Flåm kyrkje ligg til grunneigar for signering</p>	<p>12 000 000</p>
<p>Utbetringstiltak Flåmsdalen</p> <p>Arbeid i gang med rydding/innhenting av trevirke i Flåmselvi i område Flatedalen, samt sikringsarbeid i Kårdalen. Førebur søknad om iverksetting av arbeid ved Geithusberget og Flatedalen.</p> <p>Sikringstiltak ved Geithusberget sett på vent inntil vurdering frå NGI føreligg.</p> <p>Sikringsarbeid rundt Høga bru under førbuing</p> <p>Sikringarbeid ved Høga bru ferdig. Arbeid ved Flatedalen og Leina under slutføring.</p> <p>Framdrift: I rute</p> <p>Ingen endring. Partiell asfaltering i veke 41</p>	<p>2 500 000</p>
<p>Utbetringstiltak Nærøyelva</p> <p>Gjennomført møter med grunneigarane og planlegg rydding av steinmasser i elvi gjennom inngått rammeavtale (Melcon AS)</p> <p>Ikkje alle grunneigarar har slutta seg til avtale om gjennomføring. Oppstart er avhengig av at alle grunneigarane skriv under på avtale.</p> <p>Framdrift: Avhengig av avtaler med grunneigarane.</p> <p>Ingen avtale med grunneigarane på plass.</p> <p>Ingen avtale med grunneigarar på plass. Mange partsinteresser har medført ein omstendeleg prosess. Tiltaksplan har vore på høyring hjå offentlege instansar, samt grunneigarar. Norconsult innarbeider endringar av tiltaksplan.</p> <p>Uavklart situasjon med grunneigarane</p>	<p>2 000 000</p>
<p>Utbetringstiltak Dyrdal</p> <p>Gjennomført møter med grunneigarane og planlegg rydding av steinmasser i elvi gjennom inngått rammeavtale (Melcon AS)</p> <p>Framdrift: Ca ein mnd. etter planlagt oppstart.</p> <p>Avtalar med grunneigarar på plass. Førebur oppstart av sikringsarbeid.</p> <p>Ingen endring</p> <p>Igangsettingsløyve føreligg. Synfaring med entreprenør før oppstart: 1. september.</p> <p>Transport av anleggsmateriell under førebuing</p>	<p>1 500 000</p>

Utbetringstiltak Styvielvi	500 000
<p>Ikkje påbyrja pr dato.</p> <p>Ingen endring</p> <p>Engasjert ekstern planleggar på utarbeiding av søknad.</p> <p>Søknad er utarbeidd. Tilskot på kr 50 000 motteke frå Verneområderforvalter.</p> <p>Arbeid med å få på plass løyve for oppstart av arbeidet.</p> <p>Arbeidet vert samordna med arbeidet i Dyrdalselvi.</p>	
Returpkt renovasjon Flåm	300 000
<p>Avklart utforming med Simas. Materieil satt i bestilling hjå SIMAS. Plassering vert innarbeidd i reguleringsplanane med målsetting om anlegga vert teke i drift innan 01. juni 2016.</p> <p>Ingen endringar</p> <p>Lokalisering av anlegg pågår. Anleggsstart avhengig av at ein kjem til semje med grunneigar om plassering av anlegget.</p> <p>Materieil er levert frå Simas. Førbur montasjestart ca. 01. okt. Anlegget må sikrast mot oppdrift.</p> <p>Oppstart avhengig av underteikna avtale med grunneigar</p>	
Vatn og avløp Flåmshagane	800 000
<p>Henta inn anbud. Anbud tildelt Jordalen Entreprenør AS. Oppstart ca. 10 februar</p> <p>Gjennomført kontraktforhandling og inngått kontrakt.</p> <p>Oppstart VA anlegg ca. 10 april 2016.</p> <p>Lyst ut anbud på etablering av slamavskiljar og infiltrasjonsanlegg. Anbudsfrist 02. mai 2016</p> <p>VA anlegg starta opp. Anbud på infiltrasjonsanlegg under evaluering.</p> <p>VA anlegg ferdig</p>	
Vatn og avløp Brekkefossen - Brekke - Tjødni	3 000 000
<p>Søknad om kryssingsløyve for Flåmsbana sendt Jernbaneverket. Førbur anbudsutlysning og avtalar med grunneigarane.</p> <p>Anbud lyst ut på Doffin. Gjennomført anbudsynfaring 22.02.2016. Motteke kryssingsløyve for kryssing av Flåmsbana frå Jernbaneverket.</p> <p>Framdrift: ca 14 dagar etterslep.</p> <p>Anbud inn 8 april 2016. Drøfta utkast til avtalar om graveløyve med berørte grunneigarar.</p> <p>Anbud under evaluering. Drøfting med grunneigarar om graveløyve pågår.</p> <p>Forventa oppstart ca 01. oktober</p> <p>Avtale med grunneigarar ikkje signert. Kryssing av Flåmselvi må føregå ved låg vassføring.</p>	
Opprydding etter flaum	1 000 000
<p>Arbeid i gang med rydding/innhenting av trevirke i Flåmselvi i område Flatedalen- Flåm</p> <p>Ingen endring</p> <p>Løyve til deponering av massar i Tjødni innhenta. Massetransport frå kommunalt lagerområde til Tjødni pågår.</p> <p>Framdrift: I rute.</p>	

Prosjektledning	1 500 000
<p>Avklart kontraktsmessige tilhøve til Norconsult. Førebur ny utlysning av oppdraget, med mellom anna juridisk kvalitetssikring av utlysning.</p> <p>Nytt anbudsgrunnlag er under utarbeiding i samråd med adv. Tollefsen AS Framdrift: va 1 veke etterslep.</p> <p>Lyst ut på Doffin. Frist for å levere inn tilbod er 24. april. 2016 Anbud evaluert. Kontrakt med Noconsult underteikna.</p>	
Reetablering av leikeanlegg Flåm skule	500 000
<p>Ikkje prioritert pr. dato.</p> <p>Gjennomført planleggingsmøte med rektor om vidare framdrift. Avhelde info.møte med KOMPAN om moglege løysingar Anbudgrunnlag på leikeanlegg under utsending.</p> <p>Leikanlegg er montert Står igjen sluttsynfaring med leverandør</p>	
Reguleringsplanarbeid etter flaumen	200 000
<p>Reguleringsplan for området Flåm kyrkje- Flåm skule og Haugen bru vert handsam i PUT i veke 4.</p> <p>Reguleringsplanane er lagt ut på høyring. Ny handsaming 04. april i planutvalet</p> <p>Reg.planar vedtekne, en det er utfordringar rundt plassering av ny bru ved Flåm skule</p> <p>Framdrift: forsinka. Endra plassering av bru vil medføre at reguleringsplan må leggest ut på ny høyring.</p> <p>Endeleg plassering av bru ved Flåm skule er uavklart. Planane er under justering</p>	
Vatn og avløp Bakka	250 000
<p>Gjennomført møte med grunneigar i veke 3. Førebu samordning av opparbeiding av leidningstrase med opprydding etter skred.</p> <p>Tiltak er sendt ut på høying etter avtale med landbrukskontoret.</p> <p>Framdrift: I rute</p> <p>Sendt ut anbod på etablering av grunnvassbrønn. Anbod på grunnvassbrønn under evaluering. Arbeid med VA grøft starta opp</p> <p>VA grøft utført. Arbeid med innhenting av anbod på utjamningstank pågår. Avtale med Hallingdal bergboring om boring av grunnvassbrønn på plass. Forventa boring av grunnvassbrøn i veke 42 Tildelt oppdrag med montering av utjamningstank</p>	
Gateadresser	100 000
<p>Løpande tildeling og merking av gateadresser</p> <p>Ingen endring</p>	
Branntiltak Flåm barnehage	400 000
<p>Arbeid vert samordna med ferieavvikling i kommunale barnehagar.</p> <p>Ingen endring</p> <p>Framdrift: I rute</p> <p>Gjennomføring av tiltak uavklart.</p> <p>Brannfagleg vurdering tilseier at tiltaket ikkje vert gjennomført og at midlane vert nytta til vedlikehald i barnehagen.</p>	

Oppgradering Heradshuset	2 500 000
<p>Utarbeiding av Anbudsgrunnlag under arbeid.</p> <p>Utsending av anbud på vent til nye ressurser er på plass</p> <p>Planlegger mogleg flytting av etableringskontor frå Fjordsenteret til Heradshuset. Avklaring av branntekniske tilhøve under avklaring.</p> <p>Framdrift:</p> <p>Norconsult vert engasjert til å stå føre utarbeiding av anbudsgrunnlag. Møte med Norconsult i veke 35</p> <p>Rapport frå Norconsult ligg føre.</p>	
Skredsikring Åtnes bustadfelt	1 600 000
<p>Venter på synfaring rapport frå NGI. Førebur anbuds synfaring på barmark vår 2016.</p> <p>Motteke teknisk rapport frå NGI. Førebur søknad om rammeløyve</p> <p>Framdrift: ca. 14 dg etterslep</p> <p>Førebur nabovarsel av tiltak.</p> <p>Avtale med grunneigar inngått. Søknad om løyve til gjennomføring av tiltak under utabeiding.</p> <p>Rammeløyve innhenta. Totalentreprise ligg ute i Doffin.</p> <p>Oppdrag tildelt entreprenør. Forventa ferdigstilling ca 01. mai 2017.</p>	
Vegutviding Onstad	500 000
<p>Henta inn anbud. Vurderer evt. sak om oreigning dersom det ikkje vert semje om grunnavståelse.</p> <p>Grunneigar har ikkje gjeve samtykke til inngrep.- Førebur varsel om mogleg oreigning</p> <p>Framdrift: Uavklart Drøfting av evt. førebuing av oreigning vert teke i PDEU 20.juni.</p> <p>Uavklart</p> <p>Førebur sak om oreigning</p>	
Vatn og avløp Gudvangen sentrum	1 200 000
<p>Under arbeid.</p> <p>Ingen endring</p> <p>Framdrift: I rute</p> <p>Står igjen slutføring med opprydding. – Vert utført etter seinhaustes</p> <p>Ingen endring</p>	
Høgdebasseng Klokkargarden	700 000
<p>Planarbeid ikkje starta opp pr. dato.</p> <p>Ingen endring</p> <p>Framdrift: I rute</p> <p>Oppstart i løpet av oktober/november.</p> <p>Ingen endring</p>	
Gatelys bru til bru i Gudvangen	300 000
<p>Arbeidet må samordnast med planar for næringsarealet. Gjennomført drøftingsmøte med Gudvangen Utvikling.</p> <p>Tiltak vert samordna med gjennomføring av kontrakt med MESTA om utskifting av gatelys (LED)</p> <p>Ingen endring</p> <p>Framdrift: I rute</p> <p>Må avklare plassering av trase for nye gatelyspkt./utforming</p> <p>Ingen endring- utforming av lys og plassering må avklarast med mellom annan elveigarlaget.</p>	

NYE TILTAK (PROSJEKT)	
Skredsikring Orøyane.	
<p>Statens vegvesen held på med planlegging av tiltak i Ohnstadtunellen, Fretheimstunellen, Flenjatunellen og Gudvangatunellen. Tiltaka inneber mellom anna behov for plassering av ca. 50 000 m³ tunellstein (pfm). Aurland kommune førebur no bruk av massane ved planlegging av sikringsvoll i Orøyane. Dette vil frigje den gamle idrettsplassen til næringsareal. Arbeidet skjer i nært samarbeid med NGI og vert samordna med reguleringsplanarbeid som er under førebuing for Flåm sentrum.</p> <p>Aurland kommune har mottteke utkast til plassering av sikringsvoll. Plasseringa er vurdert som uaktuell frå Aurland kommune si side og det er avtalt synfaring i området saman med NGI for å vurdert alternativ plassering.</p> <p>Skisse med plassering av skredsikringsvoll utarbeidd av NGI. Søknad om mellombels lagring av massar i området under utarbeiding.</p> <p>Drøftingar med grunneigar om plassering av skredvoll pågår. Inngått avtale med Undredal sameigelag om plassering av masser på Langhuso.</p> <p>Alle løyve til plassering av masser er inndrege inntil vidare. Ingen endring</p>	
Skredsikring Skjerping:	
<p>Statens vegvesen held på med planlegging av tiltak i Ohnstadtunellen, Fretheimstunellen, Flenjatunellen og Gudvangatunellen. Tiltaka innber mellom anna behov for plassering av ca. 63 000 m³ tunellstein (pfm) Planarbeid for sikringsvoll i tilknytning til tidlegare Skjerping barnehage iverksett. slik at bygningsmassen kan nyttast til andre føremål. Arbeidet skjer i nært samarbeid med NGI</p> <p>Statens vegvesen ser føre seg å plassere massar på Langhuso og i Flåm.</p> <p>Inngått avtale med Undredal sameigelag om plassering av masser på Langhuso.</p> <p>Førebur anbod på justering av eksist. skredvoll i tilknytning til Skjerping bustadfelt.</p> <p>Avventer endeleg godkjenning av utforming av skredvoll frå NGI</p> <p>Avklaring frå NVE ligg føre.</p>	
Flaumsikringsplan Flåmslevi mellom Haugen bru - Aurlandsfjorden	
<p>NVE seier i skriv dagsett 12.02.2016 at NVE ikkje har kapasitet til å få utført dette arbeidet. I praksis betyr dette at Aurland kommune må hente inn tilbod på dette arbeidet.</p> <p>Aurland kommune har bedt om møte med leiinga i NVE for å få avklart vidare framdrift.</p> <p>Møte med NVE gjennomført. Nye flaumsonekart under slutføring.</p> <p>Flaumsonekart mottteke</p>	
Sum tiltak:	88 000 000



1 AURLAND KOMMUNE (2016) - År/Periode 2016 1 - 12

28.09.2016

	Regnskap 2016	Buds(end) 2016
35016 GATEADRESSER	0	100.000
45007 VATN OG AVLØP GUDVANGEN	756.250	1.200.000
46008 LEIDNINGSNETT KLOKKARGARDEN	0	700.000
51104 Breiband Undredal	778.125	780.000
55002 Areal Ty	226.044	3.000.000
55003 BRANNTILTAK FLÅM BARNEHAGE	0	400.000
55006 VEGUTVIDING ONSTAD BRU ONSTADSIDA	0	500.000
55007 Skjerdalsvegen 28	106.131	6.000.000
55009 OPPGRADERING HERADSHUSET	2.661	2.500.000
55011 Tilrettelegging bustadfelt Frøheimshaugane	20.944	0
55013 SKREDSIKRING ÅTNES	42.894	1.600.000
55030 VATN OG AVLØP BREKKEFOSSEN - FLÅM SKULE	4.638.337	6.000.000
55039 NY BRU FLÅM SKULE	343.877	12.000.000
55040 NY BRU HAUGEN	196.102	4.000.000
61102 IKT - INVESTERINGAR 2016	787.829	800.000
65001 OPPARBEIDING FURULY - LUNDE (2016)	0	2.000.000
65002 OPPARBEIDING BRANNANLEGG (RINGESYSTEM) HELSETUNET	312.901	500.000
65004 NY BARNEHAGE	213.562	300.000
65005 SYMJEHALL (2016)	287.640	2.350.000
65006 TURVEG HEGGVIKI - BØEN	144.975	500.000
65008 RASSIKRING NEDRE BREKKE	0	4.500.000
65009 YTSTEBØEN BUSTADFELT (2016)	17.900	850.000
65010 UTSKIFTING GATELYS	595.215	1.200.000
65011 GARDEROBEANLEGG RUTEBILSTASJONEN	0	800.000
65012 SKIFTE AV KØYRETØY/MASKINER	229.475	300.000
65013 TILRETTELEGGING NÆRINGSAREAL	0	500.000
65014 OPPGRADERING TURSTI BREKKEFOSSEN	203.597	1.600.000
65015 RETURPUNKT RENOVASJON GUDVANGEN	0	300.000
65016 HEVING AV FLÅM KYRKJE	1.746.400	4.000.000
65017 ENGASJEMENT PROSJEKTLIING INVESTERINGAR 2016	0	1.000.000
65018 VATN OG AVLØP BAKKA	0	500.000
65019 UTBETRING KOMMUNALE VEGAR ETTER FLAUMEN	4.754.810	12.000.000
65020 UTBETRINGSTILTAK FLÅMSDALEN ETTER FLAUMEN	1.440.268	2.500.000
65021 UTBETRINGSTILTAK NÆRØYELVA ETTER FLAUMEN	374.308	2.000.000
65022 UTBETRINGSTILTAK DYRDAL ETTER FLAUMEN	341.147	1.500.000
65023 UTBETRINGSTILTAK STYVIELVI ETTER FLAUMEN	0	500.000
65024 RETURPUNKT RENOVASJON FLÅM ETTER FLAUMEN	0	300.000
65025 VATN OG AVLØP FLÅM SHAGANE ETTER FLAUMEN	877.998	800.000
65026 VATN OG AVLØP BREKKEFOSSEN - BREKKE - TJØDNI	3.938	3.000.000
65027 OPPRYDDING ETTER FLAUMEN	631.391	1.000.000
65028 PROSJEKTLIING OPPATTBYGGING ETTER FLAUMEN	183.588	1.500.000
65029 REETABLERING AV LEIKEANLEGG FLÅM SKULE ETTER FLAUMEN	579.761	500.000
65030 REGULERINGSPLANARBEID ETTER FLAUMEN	110.528	200.000
65031 VATN OG AVLØP DYRDAL	451.271	250.000
65032 GATELYS BRU TIL BRU GUDVANGEN	0	300.000
65033 OPPGRADERING KONTOR RÅDHUSET (2016)	350.902	200.000
65034 RASSIKRING SKJERPING BUSTADFELT	0	1.250.000
65035 4-TIMARS APPARAT AURLAND BRANNVERN	0	200.000
65036 OPPGRADERING VANGEN BARNEHAGE (2016)	14.320	0
65037 SIKRING KOMMUNALT LAGEROMRÅDE FLÅM	0	2.000.000
TOTALT	21.765.086	90.780.000



Versjon:	2.00
Revidert dato:	29.09.16
Ansv.:	N. Haugen
Godkjent dato:	20.10.16
Godkjent av adm:	N. Haugen
Godkjent av HV	

12 VARSLING OM KRITIKKVERDIGE FORHOLD PÅ ARBEIDSPLASSEN

Aurland kommune legg til rette for at tilsette skal melde frå når dei opplever, eller får kjennskap til, kritikkverdige tilhøve på arbeidsplassen. Nedanfor finn du svar på vanlege spørsmål om varsling og informasjon om korleis du går fram dersom du skal varsle om kritikkverdige tilhøve.

12.1 Kva er varsling etter arbeidsmiljølova?

Varsling er å melde frå om kritikkverdige tilhøve i kommunen. Vilkår for varsling står i arbeidsmiljølova § 2-4, § 2.5 og § 3-6. Alle tilsette har plikt etter aml § 2-4 til å melde frå om kritikkverdige tilhøve på arbeidsplassen.

12.2 Kva er kritikkverdige tilhøve?

Brot på lovreglar, interne retningslinjer eller etiske normer. Dette kan vere mobbing, seksuell trakassering, diskriminering, rusmisbruk, dårlege arbeidstilhøve, økonomisk utroskap m.m. Kritikkverdige tilhøve kan og vere at tenestemottakar ikkje får ivaretatt sine rettigheter.

Arbeidstakar sin framgangsmåte ved varsling skal vere forsvarleg. Kritikken skal vere saklig og ikkje vere tufta på sladder eller ugrunna påstandar. Det skal ikkje varslast om tilhøve forhold som arbeidstakaren meiner er kritikkverdig ut i frå eigen politiske ståstad eller etisk overtving.

12.3 Ofte stilte spørsmål om varsling

Kva er skilnad på å melde avvik og å varsle?

Avvik skal meldast ved alle tilhøve eller hendingar som ikkje skjer i tråd med lovverk, internreglement, kriterier og kvalitetsstandardar. Dette kan vere ulykker, skadar, nestenulykker, feil, nesten feil, manglande utføring av oppgåver og «tabbar» som ha eller kunne ha ført til fare eller skade.

Varsel gjeld til dømes brot på lovreglar, interne retningslinjer eller etiske normer.

Kven kan varsle?

- Retningslinjene gjeld i utgangspunktet for alle tilsette i Aurland kommune.
- Aurland kommune ynskjer at studentar i praksis og lærlingar skal varsle.
- Eksterne personar, som ikkje er tilsett i Aurland kommune, kan og varsle om kritikkverdige tilhøve. Her gjeld varslingsrutinane så langt det høver.

Kva bør ein tenkje igjennom før ein varslar?

- Har eg grunnlag for kritikken?
- Korleis bør eg gå fram?
- Kven bør eg melde frå til?



Arbeidstakar skal ikkje gå fram på ein måte som er trakasserande eller som fører til unødig belastning. Arbeidstakar skal ikkje fremje grunnlause påstandar mot kollega, eller gjenta påstandar etter at det er rydda opp i forhold i arbeidsmiljøet.

Kva med teieplikta?

Reglar om teieplikt og ærekrenking i anna lovverk kan avgrense retten til å varle etter arbeidsmiljølova. Dette betyr at tilsette som varslar ikkje skal røpe forretningsmessige tilhøve, personopplysningar eller liknande. Teieplikt i avtalar, instruksar og interne reglement avgrensar ikkje retten til å varsle. Det er kunn teieplikt etter anna lovverk som kan avgrense retten til å varsle.

Kven bør ein varsle til?

- Som hovudregel bør tilsette varsle i linja, til nærmaste leiar. Tilsette kan og varsle internt til leiinga via tillitsvald, verneombod, kollega eller anna rådgjevar. Tilsette, tillitsvald og verneombod som tek i mot varsel skal ta dette vidare til leiinga i kommunen.
- Tilsette bør sørge for at nokon i kommunen med mynde eller ansvar i forhold til det varslinga gjeld får vite om saka, og på den måten får høve til å rydde opp.
- Tilsette kan i tillegg nytte elektronisk skjema på kommunen si heimeside og intranett. Rådmann er mottakar av varsel som blir sendt via elektronisk skjema.
- I tillegg er varsling til kontrollutvalet, tilsynsmyndigheiter og andre offentlege myndigheiter aktuelt. Til dømes Arbeidstilsynet, Datatilsynet, politiet m.m.
- Tilsette har rett til å varsle allmenta om forhold som allmenta bør kjenne til, for eksempel alvorlege lovbrøt, stor sikkerheitsrisiko eller forhold som har alvorlege konsekvensar eller som påverkar store samfunnsgrupper.
- Opplysningar som kunn er av intern eller personleg interesse, slik ofte er tilfelle i forhold til for eksempel interne personkonfliktar, bør ikkje vere eit tema som kjem ut og blir drøfta i offentlegheita. Dette kan skade arbeidsmiljøet unødig. Varsling av denne typen kan for eksempel vere aktuelt å sende til tilsynsmyndigheitene.

Har verneombodet har ei særskilt varslingsplikt?

Verneombod har ei særskilt varslingsplikt etter [AML § 6-2, 3. ledd](#). Blir verneombod kjent med tilhøve som kan medføre ulykkes- eller helsefare, skal verneombodet straks melde frå til arbeidstakarane og til arbeidsgjevar. Er det ikkje innan rimeleg tid teke omsyn til meldinga skal verneombodet melde saka vidare til arbeidsmiljøutvalet (AMU) og hovudverneombod (HVO)

Kva bør varslinga innehalde?

- Fullt namn. Dette er ynskjeleg slik at arbeidsgjevar kan innhente ytterlegare informasjon og kan gje ei tilbakemelding til varslar om framdrift i saka. Varslar kan og velje å vere anonym.
- Dato for varsling
- Konkret skildring av hendinga det blir varsla om –tid, stad og kva som er observert
- Namn på andre vitne
- Eventuell kunnskap om tidlegare saker med same person (-ar)



- Framlegg til tiltak

Korleis blir varslinga følgt opp?

Arbeidsgjevar har ansvar for å undersøke alle varsel om kritikkverdige tilhøve. Vedlagte skjema for intern oppfølging skal nyttast og viser kva som er vanleg saksgang for slike saker. Arbeidsgjevar vil vurdere om det er trong for å involvere andre myndigheiter eller gjennomføre eksterne granskingar. Oppfølginga vil såleis avhenge av type sak og kven varslinga er retta mot. Dokumentasjon i saka blir arkivert/journalført i tråd med gjeldande reglar. Saker som gjeld straffbare tilhøve blir meldt til politiet.

I saker der kontrollutvalet tek imot varslinga, vil kontrollutvalet vurdere om varslet er overbevisande, eller om det skal gjennomførast forundersøkingar, som til dømes intervju eller dokumentkontroll. Kontrollutvalet vil vurdere om saka gjeld systemsvikt som kjem under forvaltningskontroll, eller om saka gjeld personleg ansvar og krev gransking som metode. Dersom det er misstanke om straffbare tilhøve vil kontrollutvalet vurdere om saka bør meldast til politiet. Kontrollutvalet kan og etter konkret vurdering sende varslingsaker til rådmann for oppfølging.

Kva risiko tek den som varslar?

«Gjengjeldelse» mot arbeidstakar som varslar er forbode etter [AML § 2-5](#). Dette betyr at Aurland kommune ikkje kan reagere på *forsvarleg varsling* med oppseiing, avskjed, suspensjon, trakassering eller liknande. Arbeidstakar må likevel tåle saklege motargument eller motbevis knytt til dei kritikkverdige tilhøva det blir varsla om.

Dersom arbeidsgjevar meiner at ein tilsett ikkje har varsla på riktig måte, er det arbeidsgjevar som må bevise dette. Arbeidsgjevar må då for eksempel føre bevis for at arbeidstakaren forstod betre, eller burde ha forstått at ein påstand om t.d. korrupsjon var feil eller at arbeidstakaren ved enkle (lovlege)undersøkingar kunne sjekka ut at påstanden var feil.

Kan ein vere anonym?

Varsling kan skje anonymt. Det er ynskjeleg frå arbeidsgjevar at den som varslar skriv under med namn. Namnet skal vere fortruleg og ikkje gjerast kjent for andre enn dei som absolutt treng denne informasjonen. Den varslet gjeld har rett til innsyn i saka. Rett til innsyn vil i dei fleste saker også gjelde rett til innsyn i opplysningar om kven som har varsla.

Får varslar tilbakemelding?

Når arbeidsgjevar følgjer opp ei varsling skal varslar normalt ha ei tilbakemelding innan tre veker. Ved elektronisk varsling får varslar ei kvittering ved innsending av skjema. Spørsmål om innsyn blir regulert av offentleglova, forvaltningslova, personopplysningslova m.m.

Kva med den det blir varsla om?

Den det blir varsla om, skal i utgangspunktet gjerast kjent med varslet, og kva opplysningar som er gitt. På den måten får vedkommande høve til å komme med sin versjon av saka. Når saka er ferdig handsama, skal den det er varsla om straks ha melding, uansett utfall.



Kva bør ein tenkje på om ein vurderer kontakt med media?

- Har ein god grunn for å hevde at det er kritikkverdige tilhøve ?
- Har ein prøvd intern varsling først?
- Har ein prøvd varsling til eksterne organ med tilsynsmynde?
- Har andre utanfor bedrifta krav på eller interesse av å få vite om tilhøva?
- Vil kollegaer og/eller arbeidsgjevar verte påført unødig skade om eg går til media?

12.4 Rutinar for varsling etter [AML 2- 4](#)

1. Arbeidstakar har etter AML 2-3 plikt til å varsle og etter AML 2-4 rett til å varsle om kritikkverdige tilhøve. Varslinga skal vere forsvarleg. Dette betyr at det skal vere sakleg grunn for å varsle og framgangsmåten skal vere forsvarleg.
2. **INTERN VARSLING:**
 - a. Tilsette kan varsle skriftleg til nærmaste leiar, tenesteleiar/rådmann, verneombod, eller tillitsvalde.
 - b. Tilsette kan varsle elektronisk. Slik varsling går til rådmann.
 - c. I nokre saker kan det vere det aktuelt å varsle til arbeidsmiljøutvalet (AMU) eller kontrollutvalet.
3. **EKSTERN VARSLING:**
 - a. Tilsette kan varsle utanom linja til tilsynsmyndigheiter eller andre offentlege myndigheiter (Arbeidstilsynet, Datatilsynet, Helsetilsynet, Konkurransetilsynet, Statens forureiningstilsyn, Økokrim eller politiet).
 - b. Tilsette kan varsle til media dersom det ikkje er høveleg å ta opp saka på andre måtar.
4. Varsling skjer som hovudregel skriftleg i brevform eller elektronisk på eige skjema. Hugs at opplysningar som er underlagt teieplikta skal ikkje sendast på e-post. Dersom varsel blir gitt munnleg har den som tek imot varsel ansvar for å skriftleggjere meldinga. Munnleg varsling kan ikkje vere anonym.
5. Ved intern varsling blir varsel og anna relevant dokumentasjon i saka skal registrert i ACOS websak.

Lowverk

[AML § 3-6](#), arbeidsgjevar si plikt til å utarbeide retningslinjer for varsling

[AML § 2-3](#), arbeidstakar si plikt til å varsle

[AML § 2-4](#), arbeidstakar sin rett til å varsle

[AML § 2-5](#), vern mot gjengjeldelse ved varsling

[Grunnloven § 100](#) yringsfridom



12.5 Intern oppfølging – varsel om kritikkverdige tilhøve

Steg	Saksgang	Dato	Signatur
1	Varsel motteke:		
2	Undersøking gjennomført:		
3	Konklusjon:		
4	Tilbakemelding til varslar (innan 3 veker):		
5	Naudsynt informasjon er gitt til den eller dei det er varsla om:		
6	Tiltak:		
7	Vidare oppfølging som er planlagt:		
8	Vidare oppfølging som er gjennomført:		

Skjema skal fyllast ut av sakshandsamar og journalførast saman med varsel og anna relevant dokumentasjon i Acos websak.

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 19/2016 Utkast til møteplan for 2017

Sakshandsamar Maren Lien	Møtedato 16.11.2016	Saknr 19/2016
------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet går gjennom og reviderer vedlagte utkast til møteplan for 2017.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1		Sekretariatet	Utkast til møteplan for 2017

Saksutgreiing:

Vedlagt ligg utkast til møteplan for kontrollutvalet i 2017. Utkastet er eit utgangspunkt for planlegging og er såleis meint å endrast i høve til korleis dette passar medlemmene i kontrollutvalet.

Utkast til møteplan for kontrollutvalet i Aurland kommune 2017

I tillegg til disse sakene kjem andre aktuelle saker for kontrollutvalet. Dette er ikkje ei endeleg sakliste, og punkt kan bli flytta mellom møta.

Tidspunkt for møta er 09.00 – 11.00 (lengde avhengig av saksomfang)

Møte	Tidspunkt	Saker:
1. møte	8. februar	<ul style="list-style-type: none"> • Årsmelding for kontrollutvalet • Budsjett for kontrollutvalet (orientering om vedtak)
2. møte	26. april (kan bli flytta avhengig av kor tid rekneskapen er klar)	<ul style="list-style-type: none"> • Årsrekneskap for kommunen (uttale frå kontrollutvalet) • Bestilling av forvaltningsrevisjon/selskapskontroll (tentativt)
3. møte	14. juni	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomgang tertialrapport (1. tertial)
4. møte	20. september	<ul style="list-style-type: none"> • Oppfølging av eventuelle revisorbrev • Budsjett kontrollutvalet (forslag til administrasjon) • Handsaming av forvaltningsrevisjonsprosjekt
5. møte	15. november	<ul style="list-style-type: none"> • Orientering om eventuelle selskapskontrollar • Gjennomgang av tertialrapport (2. tertial) • Årsmelding for kontrollutvalet – innspel frå medlemmane • Møteplan for neste år